



Terje Båtevik

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/317 - 16/22335

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

22.08.2016

Vedkomande førespurnad om endring av omsøkte fritidsbustad - gbnr 62/24 Tofting

Administrasjonen syner til mail motteke her den 28.06.2016.

I mail går det fram at De vurderer å endre utsjånad på fritidsbustad, samt endra plassering.

For denne tomta vart det gjeve dispensasjon i frå kravet til reguleringsplan. Dette vart vedteke i Plan og Miljøutvalet den 18.03.2013.

Opphavleg byggeløyve vart gjeve 03.06.2013. I dette vart det gjeve løyve til fritidsbustad med både BYA og BRA på 100 m². Løyve er gjeve for de teikningar og plassering som er skildra i søknad.

Endring av plassering og utsjånad utløyse ny søknadsprosess, der det må sendast inn nye teikningar av tiltaket, plassering og terrengprofilar. Søknaden må også nabovarslast.

Vi gjer samstundes merksam på at det er meir enn 3 år sidan det både vart gjeve dispensasjon og byggeløyve for denne tomta, Dersom det ikkje har vore gjort arbeid knytt til sjølve fritidsbustaden i løpet av denne perioden er desse løyvene no gått ut på dato. Dette gjeld også dersom det har vore opphald i byggeprosessen på meir enn 2 månader, jf. pbl § 21-9.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Mottakarar:

Terje Båtevik

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

